

# Konferanse: Norskfaget i endring? 23. og 24. september 2013

**Stad:** Lærernes hus, Osterhaus' gate 4A, Oslo

**Påmeldingsfrist:** 2. september 2013

**Påmelding:** [www.utdanningsforbundet.no/kurs](http://www.utdanningsforbundet.no/kurs) eller [kurs@udf.no](mailto:kurs@udf.no)

**Konferanseavgift:** kr. 2000,-

**Målgruppe:** Norsklærarar på ungdomssteget, vidaregåande skule og andre interesserte

**Arrangørar:** Språkrådet, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Utdanningsforbundet

## Velkommen til konferansen «Norskfaget i endring?»

2013 er på mange måtar eit merkeår for norskfaget. Læreplanen for norskfaget har vore gjennom ei omfattande høyring, og er revidert. Korleis ser framtida for faget ut? Det er også Aasen-jubileum, språkår og stemmerettsjubileum. Meld deg på denne viktige konferansen og høyre Tone Selboe, Ottar Grepstad, Ove Eide, Magnhild Bruheim, Jens Kjeldsen med fleire.

### Frå programmet:

#### Måndag 23. september, kl. 10.00-16.00

- Revidert læreplan for norskfaget - utfordringar og mulegheiter, *Ove Eide, Språkrådet*
- Historia om Ivar Aasen – etter 2013, *Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum*
- Moderne nynorskundervisning, *Torgeir Dimmen, Nynorskcenteret*
- Aktuell nynorsk litteratur for skulen, *Janne K. Støylen, Nynorskcenteret*
- 200 år etter: Hvorfor Camilla Collett i dag? *Tone Selboe, UiO*
- Dialektundervisning i dag, *Unn Røyneland, UiO*

#### Tysdag 24. september, kl. 09.00-15.00

- Litterær opning, *Magnhild Bruheim, forfatter*
- Jon Fosse – poet på Guds jord, *Cecilie N. Seiness, journalist*
- Fra agora til Internett - om retorikk i bilde- og mediesamfunnet, *Jens Kjeldsen, UiB*
- Dansk er kult på nynorsk, *Øystein Rosse, omsetjar av Lene Kaaberbøl sine bøker for ungdom*
- Hysj! Eg les! Om spenningslitteratur for ungdom, *Lars Mæhle, forfattar*
- Med fokus på skriving og norsk skriftleg, *Ingrid Metliaas, Skrivesenteret*
- Parallelle sesjonar:
  - A) Skriving på ungdomssteget, *Mette Haustreis, Kippermoen ungdomsskule*
  - B) Skriving i vidaregåande skule, *Ingrid Metliaas, Skrivesenteret*

Bindande påmelding, med etterhald om nok påmelde.

# Innleiarar:



**Ove Eide** er lektor og utviklingsleiar ved Firda vgs på Sandane. Han er leiar i Språkrådet sitt fagråd for skule og offentleg forvaltning, og var medlem i læreplangruppa i norsk i 2006.



**Cecilie N. Seiness** er utdanna cand. mag og journalist. Sidan 1997 har ho arbeidd i vekeavisa Dag og Tid der ho mellom anna har utmerka seg som ein dyktig portrettjournalist.



**Ottar Grepstad** er direktør i Nynorsk kultursentrums, ei stifting som eig og driv Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Han er nett kome med ein Aasen-biografi og er styreleiar i Språkrådet.



**Jens Kjeldsen** er professor i retorikk og visuell kommunikasjon ved UiB, hvor han også er leiar av retorikkprogrammet.



**Torgeir Dimmen** er senterleiar for Nynorsksenteret. Han har tidlegare undervist ved lærarutdanningane og medieutdanningane ved Høgskulen i Volda og hatt engasjement som forskar ved Møreforskning.



**Øystein Rosse** er omsetjar med spesialfelt barne- og ungdomslitteratur. For bøkene *Benny Boksaren* (Lundgren) og *Skammarens dotter* og *Skammarkeiknet* (Kaaberbøl), fekk han KDs omsetjarpris.



**Tone Selboe** er professor i allmenn litteraturvitenskap ved UiO. Ho er aktuell med boka *Camilla Collett. Engasjerte essays* (Aschehoug, 2013).



**Janne K. Støylen** er høgskulelærar på Nynorsksenteret. Hennar arbeidsområde er nynorsk barne- og ungdomslitteratur. Ho har også vore norsklærar på vidaregåande skule.



**Unn Røyneland** er professor i nordisk språkvitenskap ved UiO. I forskinga si har ho vore særleg opptatt av språkleg praksis blant unge språkbrukarar i bygd og by.



**Ingrid Metliaas** er rådgivar ved Nasjonalt skrivesenter og norsklærar ved Verdal vidaregåande skule



**Magnhild Bruheim** er frilans-journalist og forfattar. Ho har skrive i alt 13 bøker. Denne hausten gjev ho ut ein oppvekstroman, "Det som ein gong var".



**Mette Haustreis** er adjunkt med tilleggsutdanning frå NTNU og norsklærar ved Kippermoen ungdomsskule i Mosjøen. Ho er leiar for fagnemnda i norsk i Utdanningsdirektoratet.



**Lars Møhle** er forfattar, og fekk sitt store gjennombrot med fantasyromanen *Landet under isen* i 2009. Han har hovudfag i litteraturvitenskap fra UiO. Han har arbeidd som skribent, meldar og forlagsredaktør.

## Mer informasjon og påmelding

[www.utdanningsforbundet.no/kurs](http://www.utdanningsforbundet.no/kurs) eller [kurs@udf.no](mailto:kurs@udf.no)

Ann Britt K Berlin, 24 14 20 74 eller Brit Adam, 24 14 20 79